




Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



Vår ref.
11/925/232/EIHO/70258835

Dykkar ref.

Dato:
20.06.2011

Endring i eigedomskatt på kraftanlegg - Høyringsuttale frå Norddal kommune

Bakgrunn -

Finansdepartement har i høyringsnotat av 15. april 2011 bedt m.a. vertskommunar for kraftanlegg om tilbakemelding og innspel om framlegg i notatet til endringar i minimums- og maksimumsreglane for eigedomskatt for slike anlegg.

Minimums-/maksimumsverdiar

Då noverande minimums-/maksimumsverdiane vart innført i 2004 fekk minimumsverdien innverknad for Norddal kommune, med at fleire av kraftanlegga i kommunen i utgangspunktet hadde ein lavare takst. Etter kvart som kraftprisane har auka har Norddal kommune gått over minimumsverdiane. Situasjonen i 2011 er no at samtlege kraftverk som ikkje er definert som småkraft, har nådd maksimumsverdien etter Eigedomskattelova § 8, fjerde ledd.

Norddal kommune meiner at avgrensingane i takstgrunnlag ikkje er i tråd med intensjonen i skattelova om at eigedomskatten skal vere lønnsmdsavhengig og basert på marknadsverdiar. Dette skal gje eit skattegrunnlag som er i samsvar med lønnsemd i det enkelte kraftanlegg. Det er i tillegg gitt uttrykk for at kraftkommunane med dette prinsippet kan få vesentlege auka inntekter i periodar med stigande kraftprisar. Eit maksimumsnivå avgrensar også Norddal kommune rett til ein forholdsmessig del av framtidig verdiskaping i kraftanlegga.

I vår kommune er det både større kraftanlegg og småkraft. Småkraft vert taksert etter andre reglar enn større kraftanlegg. Dei store anlegga har reglar om minimums-/maksimumsverdi, som ikkje småkraft har. Maksimumsverdien gjev ein skatterabatt for dei store anlegga som er utbygt av eit stort, solid selskap med god lønnsemd. Dei små, nyetablerte kraftanlegga har ein høg skattetakst dei første åra etter etablering. Vi meiner dette er konkurransevridande til fordel for dei store kraftanlegga. Det er heller ikkje noko godt incentiv for utbygging av meir småkraft. Slik vi ser det, må det vere ein større grad av likebehandling av kraftanlegg.

Norddal kommune har pr d.d. 1765 innbyggjarar. Folketalet har gått gradvis nedover over mange år. Kommunen er vid i utstrekning og ein god del av dette arealet er gjort tilgjengeleg for vasskraftutbygging til beste for fellesskapet. Det er spreidd busetnad og ei krevjande kommune å drive for å gje eit så godt tenestetilbod til innbyggjarane som mogeleg. Dette viser også igjen i høge driftsutgifter. Norddal kommune har også ei samansetning i befolkninga som er ressurskrevjande med ein stor del eldre.

Postadr.:
Postboks 144
6211 Valldal

E post/heimeside
post@norddal.kommune.no
www.norddal.kommune.no

Telefon/telefaks
70 25 88 00
70 25 88 01

Bankgiro:
4020 07 00122

Organisasjonsnr.
939 396 268

Ser ein vekk frå naturressurskatt er Norddal kommune ein av kommunane med lavast skatteinntekt pr innbyggjar i Møre og Romsdal og eit nivå på skatteinntekter tilsvarande 77 % av landsgjennomsnittet.

Norddal kommune har god inntekt frå kraftanlegg i kommunen, men vi meiner dette også er rett utifrå dei naturinngrep som er gjort og dei verdiar som vert skapt i kommunen. Det bør også nemnast at generelle skjønnsmidlar som fylkesmannen fordeler, vart redusert med nesten kr 1,5 mill frå 2010 til 2011. Bakgrunnen for dette er truleg dei signal som er gjeve i statsbudsjettet for 2011, der fylkesmennene får innspel på at dei kan ta omsyn til andre typar inntekter enn rammetilskot og skatt når skjønnsmidlar skal fordelast.

Dersom ein ser vekk frå noverande reglar om maksimumsverdi, ville Norddal kommune auke sine inntekter med om lag kr 8 mill i 2011. Ei slik meirinntekt vil kunne vere med å sikre nivå og kvalitet på dei tenester som kommunen yter. I tillegg vil kommunen kunne vere ein aktiv pådrivar og bidragsytar for utvikling og vekst i kommunen. Spesielt vil det vere viktig å snu tendensen med eit synkande folketal.

Finansdepartementet sitt forslag –

I høyringsnotatet foreslår Finansdepartementet at minimums-/maksimumsverdiar skal indeksregulerast. Dette skal vere med å sikre realverdien av takstgrunnlaget og gjer at eigedomskatten i utgangspunktet vil halde same realverdi.

Norddal kommune meiner er at dette ikkje er tilstrekkeleg endring, men vil berre vere ei tilpassing på ei løpande prisstigning som ikkje vil endre på kommunen sine inntekter målt i realverdi. Det er heller ikkje i tråd med dei signal som er gjeve tidlegare om marknadstilpassa nivå på verdiane. Vårt syn er difor at reglane om minimums-/maksimumsverdiane må takast ut av eigedomskattelova.

Kapitaliseringsrente –

Finansdepartementet har i høyringsnotatet teke opp endring av kapitaliseringsrenta. Ein rapport frå Energi Norge vert trekt fram, og denne legg opp til ein auke i risikotillegget til 5-5,5 %. Dette er ein kraftig auke i høve til dagens nivå på 3 %. Då normrenta ikkje vert omfatta, vil det ikkje endre noko med omsyn til dei variasjonar som ligg i dagens system for fastsetting av kapitaliseringsrente. Høyringsnotatet gjer svært lite vurdering av endringar i renta, og det er ikkje teke med konsekvensar. Departementet bør her gjere grundigare vurderingar av eventuelle endringar.

Ein kombinasjon med auke i kapitaliseringsrenta og ikkje fjerning av minimums-/maksimumsverdiane, kan gje svært uheldige utslag i form av reduserte inntekter frå eigedomskatt i kommunane. Ein redusert eigedomskatt vil ha store følgjer også for Norddal kommune og for dei tenester som kommunen har teke på seg å levere.


Norddal kommune meiner det er viktig med forutsigbar kapitaliseringsrente. Då bør normrenta fastsettast i eit lengre perspektiv enn dagens system, medan risikotillegg held dagens nivå på 3 %. Dette vil totalt sett kunne gje ei noko høgare, men også ei meir stabil rente.

Konklusjon –

Norrdal kommune meiner at dagens reglar om minimums- og maksimumsverdiar må takast ut av eigedomskattelova. Kapitaliseringsrenta bør fastsettast med ei langsiktig normrente og eit risikotillegg som på dagens nivå. Dette vil vere med å sikre kommunen stabile og langsiktige inntekter til beste for innbyggjarane i kommunen.

Som medlem i LVK stiller Norrdal kommune seg også bak konklusjonen som denne organisasjonen gjev i sin høyringsuttale av 7.6.11.

Med helsing
Norrdal kommune



Bjørn Inge Ruset
ordførar